



Møre og Romsdal
fylkeskommune
Volda vidaregåande skule

VAL AV FRAMANDSPRÅK TIL Vg1

Engelsk er obligatorisk for alle på grunnskurs Studiespesialisering (STUSP1), Musikk, dans og drama (MDMDD1) og Medium og kommunikasjon (MEMOK1). I tillegg skal elevane ha eit framandspråk, der skulen for neste skuleår har 4 tilbod. Her er faga på Volda vgs 17/18:

1. Tysk I Begynnarkurs.
2. Tysk II Vidaregåande kurs i tysk for elevar som har hatt fullt tysk-kurs i ungdomsskulen.
3. Fransk I Begynnarkurs (berre for elevar som har hatt framandspråk i ungdomsskulen.)
4. Spansk I Begynnarkurs
5. Spansk II Vidaregåande kurs i spansk for elevar som har hatt fullt spansk-kurs i ungdomsskulen.

Elevar som har hatt fullt kurs i framandspråk på ungdomsskulen, kan velje å:

- halde fram på nivå II i sitt fag. Dette kurset går over to år (4 + 4 t/v). Skulen vil rå til at alle som har rimeleg god karakter i nivå I frå ungdomsskulen, vel nivå II. Ved plassmangel vil elevar som er kvalifiserte til nivå II og som vel nivå I i eit nytt språk, normalt bli plasserte på nivå II i det språket eleven har frå grunnskulen.
- ta nytt språk nivå I over to år (4 + 4 t/v).

Elevar som ikkje har hatt fullt kurs i framandspråk på ungdomsskulen, **må** ta nivå **I+II** over **tre** år.

Skulen tek atterhald om at alle grupper vil verte sette i gong, eller at det er plass til alle på dei gruppene det er ønske om. I tilfelle det er for mange på ei gruppe, vil utveljing skje etter inntakspoeng.

Skulen får alle opplysningar frå Vigo-systemet om kva språk eleven har valt, dersom det er ferdig utfylt frå eleven si side.

Dersom det ikkje er fylt ut i Vigo frå eleven si side, **eller ein må gjere eit omval**, kan ein fylle ut skjema på heimesidene våre **innan 28. juli 2017**.

(NB! Dette gjeld svært få elevar, dei fleste har svart i Vigo, eller slepp å gjere omval).

NB! Elevar som har anna morsmål enn norsk kan velje å ta privatisteksamen i sitt morsmål, og kan erstatte framandspråk med munnleg og skriftleg privatisteksamen. Det må gjerast i avtale med rådgjevarar på Volda vgs.